

Årsmelding til regionsårsmøtet Normisjon Sogn og Fjordane,

Nordfjord folkehøgskule 2018

I følgje nytt lovverk, med verknad frå 2018, ligg det ikkje krav om at vi skal levere formell årsmelding lenger. Dette er difor ein uformell årsrapport.

Elevtal:

Vårsemesteret hadde vi 136 elevar, av desse var 6 dobbelttellande

Haustsemesteret hadde vi 130 elevar, av desse var 12 dobbelttellande.

Dette gir oss etter tillegg av kortkurs og korrigering ift tal på støtteberettigelse eit årselevtal på 140. Dette er som tidlegare år.

Tilsette: vi har 32 tilsette, i til saman 26 årsverk.

Økonomi:

Skulen har ein trygg økonomi, som hovudsakleg skuldast gode rammevilkår og god tilgong på elevar.

Omsetninga er på ca. 32,9 millionar kroner.

Pr. 31.12.18 har ein eit overskat på 503 067,- Budsjettet overskat var 255 909,-

Vi gler oss over:

- At folkehøgskulerørsla er i medvind over heile landet.
- Politisk vilje til å satse på skuleslaget også framover. Dette året kom det ingen kuttforslag i statsbudsjettet, og det bidreg til arbeidsro og gjer planarbeid lettare.
- Ny nettside, og styrka satsing på marknadsføring, særleg på sosiale media
- Kapellmøter og møteseriar er svært godt besøkte. Mange opplever kristent fellesskap for første gong, og uttrykker at dette er ein viktig del av skuleåret.

Vi satsar vidare:

- Vi er ferd med å gjere eit forprosjekt på nytt tak over gymsal, og utvidingar i samband med dette, som vil gje oss nye rom og betre plass.
- Vi arbeider vidare med å kurse opp lærarar innan skred-fag. Innan dette feltet er vi også med på eit pilotprosjekt i regi av Universitetet i Tromsø.
- Personalet arbeider med eit langsgåande prosjekt der tilbakemeldingskultur står på agendaen.

Å få stå i arbeidet med unge menneske i eit viktig år av livet gjer oss takksame og glade. Det er eit privilegium at tru og liv får spele saman og gjere dette til både ein god skule og ein god heim.

"Nokre spor varer evig!"

For alle på Nordfjord folkehøgskule, Hildegunn Gj. Tennebø, rektor